

Rampa for Hopp i havet snart klar!

11.06.2009



Øyvind Soldal og Jostein Hauso i gang med rampesnikring torsdag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Torsdag føremiddag jobba eit team på tre med rampa for Hopp i havet-tevlinga laurdag ettermiddag og lova rampa ferdig før kvelden.

Primus motor Øyvind Soldal kunne opplysa at konstruksjonen blir den same som i fjor, men rampa blir litt lenger fordi den skal gå heilt ned i vatnet.

Anita Enæs har ei oppmading om at laga som skal vera med i den sikkert dramatiske dysten må møta ved rampa seinast klokka 14.30.

Då vil dei få utdelt startnummer og dei må skriva under på at ferda skjer på eige ansvar!
Anita minner også om at alle deltakarane må ta på redningsvest/flytevest.

Det er påmeldt åtte farkostar etterat ein har gått ut og ein kome til. Men det er enno ikkje for seint. Om det kjem ein etternølar fredag vil han få plass, lovar Anita.

Av Ola Matti Mathisen